

Om utleige av båt plass, jfr. diskusjon og avklaring på årsmøtet den 26/2- 2000.

Årsmøtet hadde ein grundig diskusjon rundt forholdet eigar, leigar og utleige av båt plass.

Det var einighet om at dagens ordning skal halde fram. Der hovudprinsippa er følgande:

Hovduprinsipp

1. Eigar av båt plassen har i utgangspunktet alle både rettigheitar og plikter til plasen
2. Skal plassen leigast ut til andre, må dette likevel godkjennast av styret.

I praksis fører dette til følgjande:

Full disposisjonsrett over sin eigen båt plass

Den enkelte eigar disponerer plassen sin slik han vil i forhold til sin eigen faste båt. Det betyr at han fritt kan tilby plassen og båten sin som eit aktivum innbaka gjennom til dømes hytteutleige. Om han tek ekstra betaling for dette, kan småbåtlaget ikkje legg seg borti.

Utleige: Godkjenning av styret

Viss båt plassen eigar fjernar sin eigen båt, for at til dømes hytteleigar skal få bruke sin eigen båt, skal dette godkjennast av styret. Innkreving av avgift skal i dette tilfellet gå til småbåtlaget

Døgnavgift til småbåtlaget

Når småbåtlaget får spørsmål frå andre om å leige plass for eit kortare tidsrom, skal småbåtlaget i første omgang bruke sine egne "ledige" plassar i hamna. Og krevje inn døgnavgift for dette. Som sjølvsagt er inntekt til småbåtlaget.

"Ledige" plassar

Viss småbåtlaget ikkje har ledige plassar, men det finst tomme plassar blant dei andre medlemmene, skal småbåtlaget først spørre vedkomande båt plassen eigar om det er greitt at småbåtlaget disponerer plassen for det aktuelle tidsrommet. Viss svaret er ja, skal døgnavgifta i si heilhet gå til småbåtlaget. Eigar av plassen har ikkje rett til å krevje avgift til si eiga lomme.

Utleige av eigen plass

Tilsvarande forhold blir det om båt plassen eigar får spørsmål frå andre om å få leige plassen hans. Først må dette godkjennast av styret. Døgnavgifta skal i si heilhet gå til småbåtlaget.

-bmø-